



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7710 - 14/27736

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
12.12.2014

Høyring om oppheving av konsesjonslova og buplikta. Høyringssvar frå Lindås kommune.

Lindås kommune i Hordaland har diskutert framlegget frå regjeringa om oppheving av lov av 28.november 2003 nr.98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova), samt ein skilde bestemmelser i lov av 28. juni 1974 nr.58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova).

Saka var teke opp i møtet i hovudutval for plan og miljø i deira møte 10.12.2014, som sak 149/14.

Utvalet har gjort følgjande vedtak:

PM - vedtak:

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 10.12.2014:

Lindås kommune har diskutert regjeringa sitt framlegg til oppheving av konsesjonslova og reglane om buplikt. Lindås kommune kan vere samd med regjeringa om at det er grunnlag for og viktig å diskutere om dei lovane som styrer kjøp og sal av fast eigedom i dag, er gode nok og eigna til å sikre at nasjonen kan forvalte areala på beste måte.

Men Lindås kommune meiner ein ikkje kan take stilling til kva som er beste løysing, på bakgrunn av det høyringsnotatet som regjeringa har lagd fram.

Lindås kommune ber difor om at vedtak om endring ikkje vert fatta no. Konsesjonslova og buplikta vert framleis gjeldande lov.

Lindås kommune rår vidare til at det vert sett ned ei breitt samansett gruppe som skal klarlegge grunnlaget for endringar i lovverket. Først når alle sider er så godt klarlagd som mogeleg, vert det formulert eit grundig fundamentert framlegg til endring, som deretter vert sendt på ein brei og grundig høyring, før framlegg til endring i lovverket vert formulert.

Grunngjevinga for dette standpunktet ligg i at det er for mange spørsmål som ikkje er



svara på i framlegget frå regjeringa, slik det ligg føre.

Kommunen sender med dette saret sitt til departementet.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007

0030

OSLO

Dep